




Sunnfjord  
kommune

# Lunden barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	12	16	16
Barn over tre år	38	35	37
Godkjent leike- og oppholdsareal kvm	850	850	850
Arealutnytting kvm	243	253,5	262,5
Kapasitet arealplassar	188,9	188,9	188,9
Arealplassar i bruk	54	56,3	58,3
Ledige arealplassar	134,9	132,6	130,6

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrar	1,0	1,0
Assisterande styrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	4,8	6,8
Barnehagelærar	0,0	0,0
Fagarbeidar	3,6	4,1
Assistent	3,0	2,3
Lærling	2,0	0
Snittalder		45,6

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	5,7	5,5	5,3	5,3

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	13,8	16,3	13,6	12,9

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	9 014 782	9 638 908	9 683 156	10 527 859
Budsjett	9 774 796	9 992 462	9 306 946	10 922 962
Kostnad per heiltidsplass	162 136	159 849	174 471	214 417

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Naustdal skule
Tilknyting til andre tenestetilbod	Det er fleire servicetilbod i Naustdal sentrum.
Bustad og næring	Naustdal har ein del unytta, men grytekla reguleringsplanar med bustadtilbod på Sæla, i sentrum og på Helgås. Helgås har rekkefølgjekrav som gjer at det er lite byggeaktivitet i området. Naustdal er det senteret som har minst nytt næringsareal tilgjengeleg utanfor sentrum. I sentrum kan det fortattast.

## Bygningsmasse

Byggeår	1987, renovering og nytt tilbygg i 2015.
Areal	951 kvm
Godkjent leike- og oppholdsareal	850 kvm
Uteareal	4 667 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	12,6 km
Avstand til Læringsverkstedet Naustdal idrettsbarnehage	190 m
Avstand til Solsida barnehage avdeling Haugum	11,5 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Ei samansett personalgruppe med lang erfaring frå barnehage, og med variert kompetanse. Dette gjer til at barnehagen gir eit variert pedagogisk tilbod
- Det er god delingskultur i barnehagen. Ein delar erfaringar, planar, malar m.m.
- Barnehagen har i stor grad aldersreine avdelingar, og det pedagogiske tilbodet kan tilpassast betre ulike alderstrinn og utviklingsnivå
- Godt samarbeid med nærliggande barnehage og med skule

#### Forbetningsområder

- Ved fråvær i personalgruppa vert dei pedagogiske planane/tilbodet ofte avlyst. Det same gjeld møte, planleggingstid for pedagogar og oppfølging frå ulike instansar.

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Store, lyse avdelingar med god luftkvalitet og god lyddemping
- Mogeleg å dele barnegruppene i mindre grupper
- Stort og variert uteområde

### Forbetningsområder

- Behov for solskjerming på delar av uteområde
- Ferdigstilling av “undringsnaust”
- Takoverbygg ved ei avdeling grunna snø/is

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Viktig for nærmiljøet, og særleg for tilflyttarar. Fungerer som arena for å bli kjende med andre i nærområdet
- Barnehagen er synleg i nærområde gjennom turgåing, samt samarbeid med skule og aldersheim
- Barnehagen vert brukt av andre på fritida, samt leigd ut til ulike arrangement

### Forbetningsområder

- Eit tettare/oftare samarbeid med aldersheimen

## Andre innspel

- Grunnbemanning på 4 der pedagogisk leiar er på “toppen”. Dette slik at avdelinga ikkje vert belasta når pedagogisk leiar er ute av avdeling grunna møte, planleggingstid og anna
- Pedagogiske leiarar bør ha arbeidstid tilsvarande lærarar
- Behalde dei barnehagane ein har. Ikke bygge nytt, men oppgradere der det er behov. Tilby barnehageplass til alle som ynskjer det – der dei ynskjer det

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

Lunden barnehage følger både bemanningsnorma og pedagognorma. Det er noko overfulligkeit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Barnehagen blei oppgradert og fekk tilbygg i 2017. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har ikkje barnehagen optimale fasilitetar for tilsette, mellom anna kontorplassar til tilsette. For barna er det i stor grad gode fasilitetar, men dei manglar mellom anna allrom. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkerar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det er behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).